

Aktiv formidling - prosjektrapport for «Saman – ein formidlingsbank»

Oppstart av prosjektet januar 2021 – avslutta desember 2022

Prosjektet består av Lærdal, Sogndal, Årdal og Vik kommune. Lærdal kommune leiar prosjektet.

Organisering

Prosjektgruppe (biblioteksjefane i dei fire kommunane): Anita Bergseth (Sogndal bibliotek), Gry Hatlelid (Årdal bibliotek), Mona Svendsen (Vik bibliotek) og Guro Nesse (Lærdal folkebibliotek)

Prosjektleiar: Guro Nesse, Lærdal kommune

Arbeidsgruppe (bibliotektilsette i dei fire kommunane): Guro Nesse, Mona Svendsen, Gry Hatlelid, Jessica Smith, Hanna Jor (til august 2021), Karin Hamre, Jolanta Chodareva, Kari Bolstad

Bakgrunn

Biblioteknettverket i Sogn har inngått ny samarbeidsavtale gjeldande frå 2020-2022. I avtalen står det at nettverket skal samarbeide om mellom anna erfaringsutveksling, prosjektsøknadar og arrangement- og turnésamarbeid. I tillegg skal nettverket samarbeide om digitale løysingar. Fleire av kommunane som inngår i nettverket har utarbeida ein samarbeidsavtale med dei lokale skulane der formidling er eit av punkta biblioteka skal samarbeide med skulane om. Kommunane er av ulik storleik og har ulik mengde ressursar. Eit samarbeid på tvers av kommunegrensene er positivt og fruktbart for å kunne utvikle og forbetre drifta av det enkelte bibliotek. I denne søknaden har 4 bibliotek, med til saman 6 avdelingar, gått saman om to felles tiltak.

Mål for prosjektet:

Målet med prosjektet er å nå ut til målgrupper som i større grad kan nytte seg av bibliotektilbodet, og slik få opp besøkstal og utlånstal. Tiltaket vil også gjere bibliotektilbodet meir kjent og gjere samlinga meir tilgjengeleg. Det er også eit mål å frigjere meir ressursar til å kunne drive med utadretta formidling, gjennom etablering av ein felles formidlingsbank.

Gjennomføring av prosjektet:

Prosjektet fekk tilskot frå Nasjonalbiblioteket i desember og starta med ein gong arbeidet med å etablere prosjektgruppe og opprette mandat og framdriftsplan.

Grunna korona vart det fyrste halvåret gjennomført med møter på teams. Planlegging av prosjektet og utforming av formidlingsmateriell vart planlagt digitalt, og me ynskja å utforske korleis me kunne samarbeide om formidling utanfor biblioteket utan å reise fysisk nokon stad. Resultatet vart at me starta med å utarbeide brosjyrar til alle 2- og 4- åringar i samband med høgtlesingsdagen i januar.

Brosjyrane er i tillegg delt ut i alle barnehagar og til helsestasjonar i kvar kommune.

Prøvde ut digital formidling av eventyr i samarbeid med skule (Årdal)

I februar arbeida me med korleis me kunne gjennomføre popp-opp-bibliotek. Det vart undersøkt innkjøp av mobile sykkelbibliotek. Dette vart ikkje prioritert i dette prosjektet, då me ikkje såg det store behovet for mobile bibliotek.

Utover våren var det framleis vanskeleg å møtast og det var utfordrande å gjennomføre formidlingstiltak ute blant folk. For å prøve ut nye formidlingstiltak landa me på å utarbeide videoar med formidling av nye bøker. Videoane vart utforma på kvart enkelt bibliotek og sydd saman til ein video som vart lansert på biblioteka sine sosiale medie-plattformar. På denne måten fekk me testa ut ny formidling i samarbeid, og fekk fordelt arbeidet på alle biblioteka. Dei ulike videoane vart knytt til ulike tema og me merkar at kompetansen og sjølvtiliten til dei tilsette har auka med dette grepet. Samtidig har me nådd ut med formidling til nye grupper.

Me fortsette å samarbeide om brosjyrar til ulike målgrupper. Brosjyrar for barneskulen vart utarbeida spesielt for å formidle ulike bøker i samband med besøk på skulane for å orientere om Sommarleskampanjen. Fleire av biblioteka var ute på skulane i kommunane for å informere om Sommarles og formidla bøker. I samband med dette delte dei også ut brosjyrar.

Sommaren 2021 vart det arrangert fleire popp-opp-bibliotek i samband med ulike festivalar og arrangement.

Fleire av biblioteka fekk besøk av Det flytande litteraturhuset og me nytta dette besøket på å prøve ut nye formidlingsmetodar. Mellom anna prøvde dei bibliotektilsette seg som bokbadarar på eit forfattarbesøk av Ruth Lillegraven. Ingen av biblioteka hadde gjort dette tidlegare. Ved hjelp av kursing og samarbeid om spørsmål og opplegg kring arrangementet støtta me kvarandre med gjennomføringa. I etterkant delte me erfaringar og evaluerte besøket og opplegget.

I desember 2021 gjekk prosjektleiar ut i permisjon, og etter det stoppa prosjektet delvis opp. Då prosjektleiar kom tilbake frå permisjon sommar 2022 starta me opp igjen prosjektet. Me arbeida med å undersøke mogelegheitene for meir digitalt samarbeid. Prosjektgruppa og to andre bibliotek deltok på eit felles møte oktober 2022 der me drøfta ulike måtar å samarbeide på kring formidlingsopplegg. Her fekk me også hente erfaringar frå Vitensenteret ViteMeir som me ynskjer å få eit tettare samarbeid med i regionen.

Resultat

Planen var å utarbeide ein felles katalog for formidlingsopplegg. Grunna korona tok det tid før me kom oss ut og fekk samla folk fysisk. Prosjektet vridde seg difor mot meir digital formidling og samarbeid om utvikling av brosjyrar. I 2021 utarbeida me i lag 3 videoar og 16 brosjyrar til ulike målgrupper.

Prosjektet skulle gå over eitt år, men grunna sein oppstart har me brukt lengre tid. Me ser også at prosjektet vart meir omfattande om me både skulle undersøke nye samarbeidsformer og utvikling av ein formidlingsbank. Me har fokusert på samarbeid og deling av erfaring og formidling, noko som har gitt gode resultat.

Samtidig ser me tydelege resultat av prosjektsamarbeidet ved at me har fått auka formidlingskompetansen, prøvd ut nye samarbeidsformer og har fått ein betre arbeidsflyt når det gjeld samarbeid. Me har utfordra oss sjølve på nye arena og me har sett tydeleg styrke på korleis samarbeid om formidling kan bidra med å løfte oss i lag. Framover kjem me til med å halde fram med å dele på materiale me utviklar og lære av kvarandre.